I 2023 kom rapporten til *Ekspertutvalet for barn i fattige familiar* fram ein rapport med råd til regjeringa. Dei fann at barn som veks opp i fattigdom, i snitt har dårlegare oppvekstvilkår samanlikna med andre barn. Dette kjem til syne ved at dei deltek mindre i fritidsaktivitetar, rapporterer dårlegare relasjonar til medelevar og lærarar, opplever mindre meistring på skolen og kjenner på stress og uvisse i heimen, knytt til mor eller far sin psykiske eller fysiske helse, økonomi og busituasjon.

I rapporten peikar ekspertutvalet på at fattigdom kan gå i arv.

SITUASJONEN TIL UNGE VAKSNE

Ser ein på medianinntekta til aleinebuande vaksne under 30 år, ligg ho i 2023 på kr 351 400,- 60% av dette er kr 210 840 (SSB, 2024).

For unge og unge vaksne har det vore ein tendens til at fleire, særleg menn i aldersgruppa mellom 20 og 30 år, til ei kvar tid har stått utanfor både arbeidslivet og utdanningssystemet (NAV, 2016). For desse er det vanskeleg å få innpass på bustadmarknaden. Dei som er vanskelegstilte innanfor bustadmarknaden, er gjerne unge vaksne og familiar med små barn. Det er personar som bur trongt, har høg gjeldsbelastning eller inntekt under låginntektsgrensa (NAV, 2016, s. 4).

Gjeld er ein faktor som kan vere vanskeleg å handtere for unge vaksne i dag. For aldersgruppa 18-44 år har 17,1% av dei med lån i Møre og Romsdal eit lån tilsvarande 3 gonger inntekta si. For Sula er talet 20,8% (FHI, 2024).

Det er positivt at elever frå Sula kommune i stor grad fullfører vidaregåande (84%). Delen unge i alderen 15-29 som står utanfor utdanning eller arbeid, er 8,3%, noko som er eit lavare snitt enn nasjonalt, men som likevel bør takast på alvor (FHI, 2024).

Å eige eigen bustad er ein verdi som står høgt i Noreg. Personar med nedsett funksjonsevne skal på lik line med andre kunne velje kvar og korleis dei bur. Valfridom og moglegheita til å bestemme sjølv i eige liv er grunnleggjande verdiar som er nedfelt i FN-konvensjonen, (FN, Artikkel 19).

I Sula kommune er det fleire uføre som bur saman med foreldra (8,9%) enn det er på landsbasis (6,2%). Delen har vore ganske jamn de siste fem åra (Husbanken, 2024).

Snittalderen for unge vaksne som kjøper bustad i Noreg har lenge vore omlag 28 år (Regjeringa, 2021). Dei vanskelegstilte i bustadmarknaden finn vi i alderskategoriane 20-39 år (Bustadsosial handlingsplan 2019-2023).

Det er altså fleire faktorar som det er nyttig å sjå på for å vurdere Sula kommune sitt arbeid mot fattigdom.

3 PROBLEMSTILLINGAR OG REVISJONSKRITERIER

Vinklingane for denne prosjektplanen er tredelte. Den første problemstillinga handlar om korleis Sula kommune har kunnskap om levekår og fattigdom. Den andre problemstillinga viser kva tiltak kommunen har på kort og lang sikt. Den tredje handlar om korleis kommunen samhandlar for å gje dei som treng det hjelp.

OVERSIKT

Problemstilling 1: I kva grad har Sula kommune kunnskap om innbyggjaranes levekår?

Revisjonskriterier

- Sula kommune skal ha oppdatert innsikt i innbyggjaranes sine levekår og oppvekstforhold som inneheld faglege vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar av blant anna lavinntektsproblematikk.
- Sula kommune skal bruke kunnskapen om levekår og oppvekstforhold til å iverksette målretta tiltak.

TILTAK OG VERKNAD

Problemstilling 2: Sula kommune bør sikre at unge vaksne eller barn- og unge i lavinntektsfamilier får støtte til å oppnå sjølvstende og betre levekår

Revisjonskriterier

- Sula kommune bør gi målretta tiltak som på kort sikt reduserer dei økonomiske og sosiale konsekvensane av fattigdom for barn, unge og unge vaksne.
- Sula kommune bør ha langsiktige strategiar mot lavinntekt som del av sitt planverk.
 - Dette kan vere strategiar for å sikre inkludering i utdanning og arbeidsliv for unge vaksne

- Dette kan vere strategiar for å sikre ein stabil boligsituasjon for unge vaksne
- Sula kommune bør ha tiltak som bidreg til at unge vaksne er sjølvstendige

SAMHANDLING/SAMARBEID

Problemstilling 3: Sula kommune bør ha heilskaplege tiltak som forebygger eller avgrensar fattigdom

Revisjonskriterier

- Sula kommune bør ha god samhandling mellom tenestene
- Sula kommune bør sikre samordning av tiltak retta mot familiar med lav inntekt
- Sula kommune samarbeider med frivillige lag og organisasjonar og skaper arenaer for samhandling

4 AVGRENSINGAR

Det er ikkje berre familiar med vedvarande låg inntekt som kan oppleve fattigdom. Aleinebuande har enda lågare medianinntekt enn familiar og til dømes har ein aleinebuande under 30 år ei medianinntekt på kr 351 400,- (60% er kr 210 840,-) medan aleinebuande over 67 år har ei medianinntekt på kr 324 400,- (60% er kr 194 640,-).

For å avgrense dette prosjektet vel vi å sjå på barn og unge i familiar og unge som bur aleine. Det er vanskeleg for kommunen å dekke alle områder og ein bør ha eit forebyggande søkjelys for å auke sjansane for å lukkast.

5 KJELDER TIL REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier skal utarbeidast for kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt og er dei normer, krav eller standardar som verksemda i kommunen skal vurderast opp mot.

Revisjonskriteriene er utleda fra følgjende kjelder:

- **Folkehelselova** (særleg § 1, 4 og 5 om å skape gode oppvekstvilkår og utjamne helseforskjellar).
- **Sosialtenestelova** (§ 12 om kommunen si plikt til å kjenne innbyggjarane sine levekår og motvirke sosiale problem).
- **Grunnlova** (§ 104 om barn og unge sin rett til beskyttelse og utvikling).
- **Kommunalt planverk.**

- **Nasjonale strategiar**, til dømes "Like muligheter i oppveksten".

Andre moglege kjelder

- Barnevernloven
- Barnekonvensjonen
- FN-konvensjonen
- Grunnloven §92 og §104 (beskyttelsesplikten av sårbare grupper som for eksempel barn, sikrer barns krav på respekt for sitt menneskeverd.)
- Sosialtjenesteloven § 12: «Kommunen skal gjøre seg kjent med innbyggernes levekår, og vie spesiell oppmerksomhet til trekk med utviklingen som kan skape eller opprettholde sosiale problemer».
- Folkehelseloven (særlig § 1, 4 og 5, handler om å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge ved å jobbe med å utjevne sosiale helseforskjeller).
- Opplæringsloven
- Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (NAV).
- FNs bærekraftsmål nr 1: Utrydde alle former for fattigdom i heile verda.
- Bufdir - [Fattigdom - veileder om arbeid for barn som lever i fattige familier | Bufdir](#)
- [Bufdir \(2017\). Oppvekstrapporten 2017.](#)
- Like muligheter i oppveksten: Regjeringens strategi for barn og ungdom i lavinntektsfamilier (2020 – 2023):
- [Orientering om barnehagenes og skolenes opplysningsplikt overfor barnevernet - regjeringen.no](#)

6

METODE

Fleire metodar er aktuelle. Dette kan vere:

- Dokumentanalyse av rutinar, planar ol.
- Intervju – oppstartmøte, kontaktperson, aktuelle personar i kommunen for å sikre tolking av mottatt dokumentasjon og gi kommunen moglegheit til å skildre det arbeidet som gjerast innan området.
- Observasjon
- Statistikk, t.d. SSB, Husbankens sosiale bustadmonitor

Forvaltningsrevisjonen utføres i samsvar med god kommunal revisjonsskikk. Gjeldande standard for forvaltningsrevisjon er RSK 001 utarbeidd av "NKRF - kontroll og revisjon i kommunene".

7 PROSJEKTGRUPPE OG TIMEANSLAG

NAVN	TITTEL
Terje Gundersen-Røvik	Oppdragsansvarleg revisor
Ingvild Bye Fugelsøy	Forvaltningsrevisor

Vi planlegg at prosjektet kan gjennomførast på 300 timar. Timeanslaget omfattar førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, datainnsamling og -analyse, utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet inkluderer òg presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

8 FRAMDRIFTSPLAN

AKTIVITET	PLANLAGT UTFØRT
Bestilling	13.11.24
Prosjektplan behandlast i kontrollutvalet	12.02.25
Arbeid med rapport	Mars-april
Periode med høyring	April/mai
Planlagt behandling av rapport i kontrollutvalet	21.05.25
Planlagt behandling av rapport i kommunestyret	18.06.25

For å kunne gjennomføre prosjektet innan fristen og med stipulert timebruk, er det nødvendig at kommunen sender over etterspurd dokumentasjon innan dei fristane som blir sette. I tillegg er vi avhengige av at utvalde personar stiller til intervju og verifiserer referat innan rimeleg tid.

VEDLEGG 1

Tabell 1: Statistikk over medianinntekt i Møre og Romsdal, oppdatert 15. januar.

SSB tabell 06946: Inntekt etter skatt, median (kr), Møre og Romsdal (Vestland som referanse)	Møre og Romsdal fylkeskommune	Vestland fylkeskommune
Alle husholdninger	643700	659900
Aleneboende under 30 år	351400	338100
Aleneboende 67 år og over	324400	340100
Mor/far med barn, yngste barn 0-5 år	467700	473400
Mor/far med barn, yngste barn 6-17 år	541600	548800
Mor/far med barn, yngste barn 18 år og eldre	727700	730300
Flerfamiliehusholdninger	971200	945200

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Haram og Ålesund. Møre og Romsdal fylkeskommune.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 06/25	Sula kontrollutval	12.02.2025

Plan for eigarskapskontroll 2025-2027 Sula kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Sula kontrollutval sluttar seg til det framlagte forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2025 – 2027.

Saka sendast kommunestyret med slik tilråding til vedtak:

Kommunestyret vedtar plan for eigarskapskontroll 2025 - 2027. Tema for eigarskapskontroll skal være:

- Eigarstyring, rapportering til kommunestyret og oppfølging av lovkrav.

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen. Ei slik eventuell justering av planen bør bygge på eventuelle endringar i risikobiletet og dei signal som kjem fram i eigarskapsmeldinga.

Bakgrunnsinformasjon:

Kommunane har i aukande grad valt å bruka fristilte organisasjonsmodellar som selskap, samarbeid, stiftingar ol, for å løysa ulike kommunale oppgåver. Utviklinga synes å fortsetta i retning av auka bruk av fristilte organisasjonsformer. Dette gjer at organiseringa av den kommunale verksemda blir meir kompleks og fragmentert, og inneberer nye utfordringar både når det gjeld styring og kontroll.

På bakgrunn av denne utviklinga har kommunelova (KL) gitt kontrollutvalet ansvar for «å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eigarinteresser, gjer

dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipper for eigarstyring», jf. KL § 23-2, d) og 23-4.

Det er kontrollutvalet som ifølge kommunelova har ansvar for å sjå til at det vert gjennomført eigarskapskontroll. I dette ligg det at kontrollutvalet har ansvar for at det vert utarbeidd ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å bestilla dei kontrollane som etter planen skal gjennomførast. Det er kommunestyret sjølv som vedtar planen.

Vurdering:

Eigarskapskontroll som arbeidsform er avgrensa til å omfatta forvaltninga av eigarinteressene frå kommunen i selskapa, her under kontroll av om desse eigarinteressene blir tatt vare på i samsvar med vedtaka og føresetnadene til kommunestyret. Eigarskapskontrollen består i å sjå på korleis kommunen sine eigarinteressar i selskapet vert utøvd, og om utøvinga er i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Kontrollen omfattar alle selskap der kommunen har eit eigarskap. Denne kontrollen går i liten grad på sjølve selskapet, bortsett frå å sjå til at det er rutinar for styret sin rapportering til selskapets eigarorgan.

Sula kommunestyre vedtok i 2024 eiga eigarskapsmelding. I denne meldinga finn ein oversikt over ulike selskap kommunen har eigarskap i. Meldinga er eit godt utgangspunkt for å forstå viktigheita for god kommunikasjon mellom eigar og den som utøve eigarskapet på vegne av kommunen. Rapporteringa tilbake til kommunestyre og forankring hos eigar er viktige prinsipper.

I handsaminga av ROven valde kontrollutvalet følgande problemstilling for ein mogleg eigarskapskontroll:

Eigarstyring, rapportering til kommunestyret og oppfølging av lovkrav.

I den overordna eigarstyringa, kan det vere tenleg å ta utgangspunkt i eigarskapsmeldinga kommunen har vedtatt, og eventuelle andre styringsdokument. Det kan vere naturleg at kontrollutvalet vurderer risiko for at eigarskapsmeldinga ikkje blir etterlevd. Dette kan omfatte spørsmål som risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med måla kommunestyret har sett for selskapet, risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet, ikkje gjer dette i samsvar med kommunen sine vedtak.

Endringar i risikobildet kan gjere det nødvendig å gjere endringar i planen. Kontrollutvalet bør, slik kommunelova legger opp til, gis fullmakt til å foreta endringar i planen. Om kontrollutvalet ønsker å gjere endringar i vedtatt plan skuldast det at risikobildet har skiftet, eller at det har oppstått ekstraordinære høve. Eventuelle endringsvedtak vil bli oversendt kommunestyret til orientering.

Gjennomføring:

Revisor skal gjennomføre eigarskapskontroll i samsvar med kontrollutvalets vedtak. Revisor skal forsikre seg om at kontrollutvalet og revisor har lik forståing av oppdraget, og at rammene er tilstrekkeleg klarlagt.

Videre skal revisor skal vurdere om kontrollutvalet sitt vedtak lar seg gjennomføre. Dersom revisor finner det påkravd, må revisor avklare oppdraget nærare med kontrollutvalet. Dersom revisor ser behov for å endre problemstilling(ene) eller annet undervegs i ein slik grad at det har vesentleg betydning for gjennomføringa av oppdraget, skal dette avklarast med kontrollutvalet.

Revisor skal utarbeide en skriftleg prosjektplan for kvar eigarskapskontroll. Prosjektplanen skal redegjøre for problemstilling(er), kriteria eller grunnlaget for desse, og metodebruk.

Rapport om eigarskapskontroll i selskap bør behandlast på same måte som andre forvaltningsrevisjonar, med direkte rapportering til kommunestyra.

I den grad rapporten inneholder konkrete anbefalingar til eigarane (eigarskapskontrollen) eller selskapet (forvaltningsrevisjon) vil rapporten bli følgt opp av kontrollutvalet, og sak angående oppfølging vil bli vidaresendt kommunestyret.

Sekretariatet er kontaktpunktet frå kontrollutvalet mot revisjonen og dialogpartner undervegs i arbeidet med rapporten. Sekretariatet vil følgja med i status og framdrift i arbeida og at kontrollrapportar blir levert til avtalt tid og innanfor dei kostnadsrammene som er avtalt.

Konklusjon:

Kontrollutvalet skal rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret. For å sikre at kommunestyret får naudsynt informasjon om status for eigarstyring og oppfølging av eigarskapane, skal kontrollutvalet utan ugrunna opphald sende rapportar til kommunestyret for handsaming.

Det blir tilrådd at kontrollutvalet sluttar seg til planutkastet og oversende saka til behandling i kommunestyret med innstilling som foreslått.

Vedlegg

Eigarskapsmelding 02.05.2024 - Sula kommune



SULA KOMMUNE

EIGARSKAPSMELDING

Vedtatt av Sula kommunestyre dd

Innhold

Innleiing.....	3
Del 1 – Overordna mål for eigarskap.....	4
Selskapa som ressurs i å nå dei overordna måla:.....	4
Vanlege selskaps- og samarbeidsformer i kommunal sektor:.....	5
Kvifor opprettar vi selskap?.....	5
Overordna mål for eigarskap i Sula kommune:.....	6
Eigarskap med finansielt føremål:.....	6
Eigarskap med politiske føremål:.....	7
Overordna prinsipp for eigarstyring.....	7
Del 2 - Oversikt over selskap kommunen har eigardelar i.....	8
Nærare omtale av eit utval av selskapa.....	8
Sula Vekst AS.....	8
Sula ride og fritidssenter AS.....	9
Attvin AS.....	9
Møre og romsdal revisjon SA.....	10
Kommunal landspensjonskasse Gjensidig forsikringselskap (KLP).....	10
Ålesundregionens havnevesen IKS.....	11
Sunnmøre kontrollutvalssektretariat IKS.....	11
Sunnmøre Regionråd IKS.....	12
Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS.....	12
Del 3 – Roller og ansvar.....	13
Kommunestyret:.....	13
Styret:.....	13
Ordførar:.....	14
Kommunedirektøren:.....	14
Kontrollutvalet:.....	14

Innleiing

Sula kommune har direkte eigardelar i aksjeselskap og interkommunale selskap. Samla vert det forvalta store verdiar i desse selskapa. Målet er å utøve eit eigarskap som samla sett skal bidra til god utvikling av selskapa, langsiktig verdiskaping og tydeleg styring. Dette krev tydelege føringar, rolleavklaring og open dialog mellom eigar og selskap.

Kommunane sitt ansvar for ein tydeleg eigarskapspolitikk er forankra i kommunelova § 26-1. Eierskapsmelding. Her står det at kommunar skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Det står også kva ei eigarskapsmelding skal innehalde. Denne eigarskapsmeldinga dekkjer dette lovkravet.

Sula kommune si eigarskapsmelding skal:

- 1. Tydeleggjere korleis Sula kommune vil utøve ein overordna eigarskapspolitikk.**
Den overordna eigarskapspolitikken har mål om å danne grunnlag for klare retningslinjer til selskapa og forenkle samarbeidet der ein har fleire eigarar. Overordna forventningar, mål og prinsipp gjeld uavhengig av selskapsform og kva for målsettingar kommunen(-ane) har med selskapet.
- 2. Gje ei samla oversikt over alle kommunen sine eigarposisjonar.**
Selskap der kommunen er eineigar eller har relativt stor eigardel, samt selskap som kan sjåast på som strategisk viktige er omtalt nærare.
- 3. Vise aktørbildet og roller, samt korleis eigar vil utøve eigarskapsoppfølginga** gjennom klargjering av roller.

Eigarskapsmeldinga er tredelt:

- Del 1 - Generell del: Overordna eigarskapspolitikk.
Overordna eigarskapspolitikk og prinsipp for eigarstyring, overordna mål og forventningar.
- Del 2 - Spesiell del: Oversikt over Sula kommune sine eigarposisjonar og nærmare omtale av nokre selskap.
- Del 3 – Roller og ansvar

Sula kommune som eigar ønsker ei klargjort rolle- og ansvarsdeling mellom eigar og selskap, og som følgjer prinsipp for god eigarstyring og selskapsleiing, slik det er nedfelt i [KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll](#).



Del 1 – Overordna mål for eigarskap

Selskapa som ressurs i å nå dei overordna måla:

Sula kommune ser på våre selskap er ein ressurs og samarbeidspart i arbeidet med å nå kommunen sine overordna mål slik dei kjem fram i kommunen sin overordna plan; Kommuneplanen sin samfunnsdel. Selskapa har ei viktig samfunnsrolle og påverkar samfunnsutviklinga og nærmiljøet der dei opererer. Derfor er det viktig at denne samfunnsrolla i størst mogleg grad blir reflektert i både styring og dagleg leiing av selskapa. Sula kommune ynskjer å spele på lag med alle selskapa vi har interesser i. Vilje til å lukkast saman er ein avgjerande faktor i arbeidet mot å utvikle eit berekraftig samfunn.

Sula kommune ønsker at selskap vi har interesser i arbeider for å balansere økonomiske, sosiale og miljømessige forhold på ein måte som bidreg til langsiktig verdiskaping, slik at dagens behov vert ivaretatt utan å øydelegge mogelegheitene for at komande generasjonar kan få dekkja sine behov.

Andre viktige føringar:

1. Det skal vere ein open kommunikasjon om kommunen sine eigarinteresser i alle selskap knytt til Sula kommune, og eigarpostar skal kome fram i rekneskapen.
2. Prinsippet om meiroffentlegheit skal gjennomførast i alle selskap når ikkje anna lovgiving, forretningsmessige eller andre tilhøve tilseier at informasjonen skal vere unntatt offentlegheit.
3. Det skal vere ein open kommunikasjon om leiarløningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i selskapa.
4. Sula kommune føreset at kommunen sine representantarar i selskap er registrert i Kommunens sentralforbund (KS) sitt styrevervregister. Tilknytning til styrevervregisteret skaper openheit om roller og styrker allmenta sin tillit til kommunalt eigde selskap.

Vidare er Sula kommune oppteken av at det einskilde selskap si verksemd er ansvarleg. Dette inneber å identifisere og handtere risikoen selskapet påfører menneske, samfunn og miljø. Omsynet til berekraft og ansvarleg verksemd er ein del av Sula kommune sine forventningar til selskapa, og vil påverke korleis Sula kommune følg opp selskap og eigarposisjonar.

Vanlege selskaps- og samarbeidsformer i kommunal sektor:

- **AS – Aksjeselskap** Styrt av aksjelova. Selskapet sitt øvste eigarorgan er generalforsamlinga, og her vert den øvste mynda til selskapet utøvd. Begrensa økonomisk ansvar for eigarane.
- **IKS - Interkommunalt selskap** styrt av lov om interkommunale selskap. IKS er eit sjølvstendig rettssubjekt og skal opptre i eige namn. Deltakarkommunane utøver eigarstyring gjennom sine valde medlemmar i representantskapet. Kommunestyret har instruksjonsrett ovanfor sine medlemmar i representantskapet. Deltakarane har ubegrensa økonomisk ansvar for sin del av selskapet sin forpliktingar.
- **SA - Samvirkeforetak.** Regulert av lov om samvirkeforetak (samvirkelova). Samvirkeforetak har medlemmer, ikkje eigarar. Årsmøtet er samarbeidet sitt øvste organ, og her vert avgjerder fatta. Begrensa økonomisk ansvar for medlemmene.
- **Stiftingar:** Lov om stiftelsar (stiftelseslova) regulerer denne organisasjonsforma. Ei stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt. Som stiftar av ei stifting kan kommunen verken utøve styring over stiftinga si verksemd eller gjere krav på delar av stiftinga sitt overskot (ta utbytte).
- **IPR - Interkommunalt politisk råd.** Regulert i kommunelova kapittel 18. Kan opprettast av to eller fleire kommunar for å handsame saker som går på tvers av kommunegrensene. Slike samarbeid skal ikkje produsere tenester, men vere eit samarbeidsforum. Kan vere eige rettssubjekt, dette vert fastsett i samarbeidsavtalen
- **KO - Kommunalt oppgåvefelleskap.** Regulert i kommunelova kapittel 19. KO er eit av alternativa til § 27-samarbeid etter tidlegare kommunelov. I eit KO kan to eller fleire kommunar løyse felles oppgåver, og er særleg tiltenkt samarbeid om mindre omfattande oppgåver. Eit KO kan ikkje gis mynde til å treffe einskildvedtak, men kan likevel gjevast mynde til å treffe denne type vedtak om interne forhold i samarbeidet, og til å forvalte tilskotsordningar. Kan vere eige rettssubjekt, dette vert fastsett i samarbeidsavtalen
- **Vertskommunesamarbeid.** Regulert i kommunelova kapittel 20. I eit vertskommunesamarbeid kan ein kommune overlate utføring av oppgåver og delegere mynde til å fatte vedtak til ein annan kommune, vertskommunen. Modellen inneber ikkje etablering av eigen juridisk person, men er eit reint avtalebasert samarbeid. Samarbeid kan vere anten administrativt vertskommunesamarbeid eller vertskommunesamarbeid med felles, folkevald nemnt.
- **KF - Kommunalt foretak.** Er regulert av kommunelova kapittel 9. KF er ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt, men er ein del av kommunen. Selskapet vert leia av eit styre, som er peika ut direkte av kommunestyret. Dagleg leiar står i linje under styret, som igjen er underlagt kommunestyret.

I denne eigarskapsmeldinga er det selskap der vi har eigardelar som blir omtala.

Kvifor opprettar vi selskap?

Hovudregelen er at Sula kommune yter kommunale tenester i eigen regi, underlagt kommunedirektøren sitt ansvar og mynde, med direkte folkevald kontroll og styring, og kan kallast linjestyring. Der oppgåveløysinga er organisert i ulike selskap, har dei folkevalde meir indirekte

verktøy for styring, også kalla eigarstyring.

Sula kommune kan vurdere å organisere si verksemd i selskap dersom:

- Tenesta kan driftast meir effektivt i samarbeid med andre offentlege aktørar (stordriftsfordelar).
- Tenesteproduksjonen blir meir robust ved samarbeid med andre.
- Det er ønskeleg og hensiktsmessig å samarbeide om verksemda med private aktørar.
- Kommunale tenester krev investeringar i infrastruktur på tvers av kommunegrensene.
- Statlege tilskotsordningar krev selskapsorganisering, utanfor ordinær struktur.
- Skatte- og avgiftsmessige forhold gjer at selskapsorganisering har økonomiske fordelar.
- Verksemdene opererer i ein marknad, og er difor meir tent med ei friare stilling enn det ein har i den kommunale organisasjonen.

Samarbeidsformer og graden av sjølvstyre:



Kjelde: Veileder om interkommunalt samarbeid etter reglene i kommuneloven. Kommunal- og distriktsdep.

Modellen syner på ein forenkla måte korleis alternative selskapsmodellane har aukande grad av sjølvstyre. Pila si retning syner og aukande behov for eigarstyring gjennom overordna prinsipp. Dette er årsaka til behovet for ei god eigarskapsmelding og eigarstyring.

Kommunen sitt føremål med selskap kan grovt delast inn i to:

1. **Finansielt føremål med ev. tilleggsføremål**
2. **Sektorpolitiske føremål eller andre politiske/ regionalpolitiske føremål**

Overordna mål for eigarskap i Sula kommune:.

Sula kommune skal vere ein ansvarleg eigar med langsiktig perspektiv. Fellesskapet sine verdier skal forvalta på ein måte som gjev tillit hos allmenta. Sula kommune si eigarutøving skal bidra til høgast mogeleg avkastning over tid, eller mest mogeleg effektiv måloppnåing av samfunnsmessige mål. Måla skal nås på ein berekraftig og ansvarleg måte.

Eigarskap med finansielt føremål:

Selskapa som i hovudsak har finansielt føremål skal levere høgast mogeleg avkastning over tid. Andre tilleggsføremål skal tydeleggjerast i eigarstrategien.

Eigarskap med politiske føremål:

Selskap som i hovudsak har samfunns mål eller andre politiske føremål skal ha mest mogeleg effektiv måloppnåing. Samfunns mål skal tydeleggjerast i eigarstrategien.

Overordna prinsipp for eigarstyring

Sula kommune skal vere ein profesjonell eigar, som utøver eigarrolla si basert på prinsipp for god eigarstyring slik dei er nedfelt i [KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll](#), og slik det kjem fram i denne eigarskapsmeldinga.

Målet er at prinsippa skal bidra til føreseielege overordna rammer, rolleavklaring og ansvar.

Prinsippa er som følgjer:

1. Ordførar er generalforsamling i heileigde aksjeselskap.
2. Kommunestyret peikar ut representant til generalforsamling for deleigde selskap.
3. Kommunestyret oppnemner styremedlemar og representantar til aktuelle eigarorgan.
4. Den kommunale valnemnda, formannskapet, skal foreslå styremedlemmar til alle selskap der kommunen har styrerepresentasjon, dersom anna ikkje er vedteksfesta.
5. Det skal settast eit nøkternt nivå på leiarlønningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i selskapa.
6. Eigarskapsmeldinga skal oppdaterast etter behov, men skal handsamast av kommunestyret i løpet av første år av valperioden.

Selskap der Sula kommune ikkje er eineigar:

Sula kommune har interesser i fleire selskap som vi eig saman med andre. Det er ønskeleg at dei aktuelle prinsippa ovanfor også vert praktisert i og ovanfor desse selskapa. Sula kommune som deleigar i selskap ønskjer ein systematisk dialog, også med desse selskapa. Dette for å kunne sikre ei samla god eigarstyring uavhengig av eigardel.

Del 2 - Oversikt over selskap kommunen har eigardelar i

Namn	Selskapsform	Balanseført verdi 31.12.2023	Eigardel
Sula vekst AS	Aksjeselskap	450 000	100 %
Sula ride og fritidssenter AS	Aksjeselskap	25 000	15 %
Utviklingsforum for Ålesund lufthavn, Vigra AS	Aksjeselskap	25 000	2,43 %
Attvin AS	Aksjeselskap	41 000	2,39 %
Hareid fastlandssamband AS	Aksjeselskap	140 001	1,66 %
Storfjordsambandet AS	Aksjeselskap	1	1,32 %
Helseplattformen AS	Aksjeselskap	52 052	1,30 %
Muritunet AS	Aksjeselskap	60 000	0,42 %
Rovdefjordsambandet AS	Aksjeselskap	10 000	0,15 %
LL Det norske teatret	Aksjeselskap	1 000	0,02 %
Møre og Romsdal Revisjon SA	Samvirkeforetak	105 000	
Biblioteksentralen SA	Samvirkeforetak	1	
Kommunal landspensjonskasse	Gjensidig forsikringsselskap	23 721 040	
Sunnmøre Regionråd IKS	Interkommunalt selskap		
Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS	Interkommunalt selskap		
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS	Interkommunalt selskap		
Ålesundregionens havnevesen IKS	Interkommunalt selskap		

Kommunestyret vedtok i sak 032/23 å organisere det interkommunale samarbeidet om nytt avløpsreinsanlegg som eit interkommunalt selskap. Selskapet skal heite Kongshaugen reinsanlegg IKS. Selskapet er pr dato ikkje formelt etablert.

Nærare omtale av eit utval av selskapa

Aksjeselskap

Namn	Sula Vekst AS
Organisasjonsnummer	966 406 135
Stifta	12.01.1993
Sula kommune sin eigardel	100 %
Andre eigarar	Ingen
Aksjekapital	kr 450 000
Dagleg leiing	Øyvind Vebenstad
Styre	Styreleiar: Hans Oscar Maaseide Molvær Styremedlem: Mona Nesvik Solevåg Styremedlem: Berit Nesseth Otterlei Styremedlem: Odd Arne Talberg Styremedlem: Christian Birkeland Varemedlem: Karoline Antonie Slinning Varemedlem: Rune Alnes

Selskapet si heimeside	sulavekst.no
Vedtektsfesta føremål	Skape varige arbeidsplassar tilpassa yrkeshemma som ikkje utan vidare kan gjere seg nytte andre arbeidstilbod. Grunnlaget for sysselsettinga skal vere å framstille varer og tenester for den ordinære marknaden. Sysselsettinga skal hjelpe til med å kvalifisere og utvikle ressursar hos dei yrkeshemma. Selskapet skal også arbeide for at dei tilsette kan få yrkesmessig attføring til anna ordinært arbeid.

Namn	Sula ride og fritidssenter AS
Organisasjonsnummer	968 49 0036
Stifta	26.8.1993
Sula kommune sin eigardel	15 %, 250 av 1667 aksjer
Andre eigarar	Sula rideklubb 74,8 %, Suma 1000 AS 6 %, private aksjonærar 4,2 %
Aksjekapital	Kr 166 700
Styre	Styreleiar: Natialie Larsen Styremedlem: Frode Bongom Jacobsen Styremedlem: Per Olav Molvær
Vedtektsfesta føremål	Eige og drive eit ride- og fritidssenter- som omfattar eit fylkesanlegg i Langevåg. I dette ligg tilrettelegging for å utvikle kompetanse med tilhøyrande aktivitetar for stell og bruk av hest og andre dyr som naturleg høyrer med til eit ride- og fritidssenter.

Namn	Attvin AS
Organisasjonsnummer	922 025 096
Stifta	07.12.2018
Sula kommune sin eigardel	2,42 %, 29 av 1200 aksjer
Andre eigarar	Kommunane Ålesund, Haram, Giske, Sykkylven, Vestnes, Stranda og Fjord
Aksjekapital	Kr 2 400 000
Dagleg leiing	Øystein Peder Solevåg
Styreleiar	Liv Stette
Selskapet si heimeside	Attvin - Eit nytt og betre miljøselkap
Vedtektsfesta føremål	Eie og forvalte selskaper som skal drive innsamling, transport og behandling av husholdningsavfall, næringsavfall og slam, og for øvrig ta på seg alle oppgaver som naturleg høyrer sammen med dette. Eierkommunenenes visjon er at selskapet blir et fremtidsrettet miljøselkap som skal være en førende aktør og rollemodell i avfalls- og gjenvinningsbransjen. Selskapet skal sikre optimal forvaltning av den samlede verdikjeden og de mulighetene som ligger i avfall som en ressurs. De overordnede målsetningene til Konsernet er: Gode og effektive tjenester til innbyggerne til en akseptabel pris. Det skal legges vekt på lavest mulig gebyr gjennom god kostnadskontroll. Lokal verdiskaping som sikrer avkastning på investerte verdier. Reduksjon av klimautslipp og økt gjenvinnings- og gjenbruksgrad.

Samvirkeforetak

Namn	Møre og romsdal revisjon SA
Organisasjonsnummer	923 746 552
Stifta	23.8.2019
Stemmerett på årsmøte	Basert på fjorårets omsetnad med foretaket
Andre medlemmer	Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunane Ålesund, Molde, Kristiansund, Hustadvika, Fjord, Sula, Haram, Giske, Sykkylven, Rauma, Sunndal, Vestnes, Surnadal, Averøy, Stranda, Aure, Aukra, Tingvoll, Gjemnes, Smøla, Rindal
Dagleg leiing	Martin Gjendem Mortensen
Styreleiar	Line Karlsvik
Selskapet si heimeside	Hjem - Møre og Romsdal Revisjon SA (mrrevisjon.no)
Vedtektsfesta føremål	Drive revisjon av de kommuner og fylkeskommuner som har medlemskap i foretaket, i tråd med den til enhver tid gjeldende kommunelov. Foretaket skal fremme medlemmenes økonomiske interesser gjennom deres deltakelse i virksomheten. Foretaket forplikter seg til å dekke medlemmenes behov for revisjonstjenester, og medlemmene forplikter seg til å kjøpe hoveddelen av sine revisjonstjenester fra samvirkeforetaket. Foretaket kan selge tjenester til andre rettssubjekter som eies helt eller delvis av et eller flere av medlemmene, eller til andre, så lenge den totale andelen av denne omsetningen ikke overstiger 20 % av foretakets totale omsetning. Foretaket kan inngå på eiersiden i andre foretak eller selskap der dette er hensiktsmessig for oppfyllelsen av foretakets hovedformål. Medlemskap er ikke åpent for andre enn kommuner og fylkeskommuner beliggende i Møre og Romsdal og nærliggende områder.

Gjensidig forsikringsselskap

Namn	Kommunal landspensjonskasse Gjensidig forsikringsselskap (KLP)
Organisasjonsnummer	938 708 606
Stifta	1.1.1949
Stemmerett	Generalforsamling blir valt av valkretsar, der medlemmane sitt stemmetal er basert på betalt premie
Andre medlemmer	Kommunar, fylkeskommunar, helseforetak og sjølvstendige verksemder tilknytt offentleg sektor
Dagleg leiing	Sverre Thornes
Styreleiar:	Tine Sundtoft
Selskapet si heimeside	KLP - Kommune- og Helse-Norges eget pensjonsselskap
Vedtektsfesta føremål	Selskapet skal ivareta medlemmenes behov for tjenestepensjonsordninger. Selskapet kan også enten selv eller gjennom deltakelse i andre selskaper tilby andre pensjons- og forsikringsprodukter, og kan delta i eller drive enhver virksomhet som naturlig henger sammen med forsikringsvirksomhet og enhver annen virksomhet som er tillatt for livsforsikringsselskaper, herunder administrasjon og forvaltning av pensjonskasser.

Interkommunale selskap

Namn	Ålesundregionens havnevesen IKS
Organisasjonsnummer	987 673 524
Stifta	Etablert som IKS frå 1.1.2024
Eigardel /økonomisk ansvar	1/20, økonomiske ansvar 5 %
Medlemmer i representantskap	Havnerådet er representantskap, Sula har 1 av 8 representantar
Andre deltakarar	Kommunane Ålesund, Giske og Haram
Dagleg leiing	Ole Christian Fiskaa
Styreleiar i Havnestyret	Harald Tom Nesvik
Selskapet si heimeside	Ålesund havn
Vedtektsfesta føremål	<p>Ålesundregionens Havnevesen IKS sitt formål er å forene tilgjengelige havnetilbud i en region for effektivisering og bedre kapasitetsutnyttelse av personell, utstyr og infrastruktur, jfr. målsettingen i de Nasjonale Transportplaner.</p> <p>I overensstemmelse med denne nasjonale målsetting har ÅRH som formål å samordne all kommunal havnevirksomhet innenfor de enkelte deltakerkommunenes havneområder. I tilknytning til dette skal ÅRH på vegne av deltakerkommunene ivareta alle forvaltningsmessige og administrative oppgaver som etter havne- og farvannsloven (LOV-2019-06-21-70) påligger kommunene.</p> <p>Målsettingen for ÅRH's virksomhet er at de samlede havneressurser til enhver tid skal utgjøre et konkurransedyktig havnetilbud for brukerne. For at havnen skal kunne opprettholde og videreutvikle trafikkgrunnlaget, skal ÅRH kunne engasjere seg i alle former for havnetilknyttet virksomhet, herunder samferdselsspørsmål og næringsutvikling som finnes hensiktsmessig og økonomisk fordelaktig for havnefellesskapet og det næringsliv havnen skal betjene.</p>

Namn	Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS
Organisasjonsnummer	889 117 192
Stifta	14.2.2005
Eigardel /økonomisk ansvar	1/11
Medlemmer i representantskap	Sula har 1 av 11 representantar
Andre deltakarar	Kommunane Fjord, Giske, Haram, Stranda, Sykkylven og Ålesund
Dagleg leiing	Bjørn Tømmerdal
Styreleiar:	Svein Ove Søholt
Selskapet si heimeside	Forside - SKS - Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS
Vedtektsfesta føremål	<p>Sikre sekretariatstenester til kontrollutvala i deltakarkommunane. Kontrollutvalssekretariatet skal drivast i balanse, slik at inntekter frå kommunane dekkjer kostnadane (sjølvkost). Sikre at medlemskommunane vert drivne i samsvar med etablerte prinsipp for god styring og kontroll i offentlig sektor.</p>

Namn	Sunnmøre Regionråd IKS
Organisasjonsnummer	898 127 052
Stifta	19.12.2011
Eigardel /økonomisk ansvar	1/15
Medlemmer i representantskap	Sula har 1 av 15 representantar
Andre deltakarar	Kommunane Fjord, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Vestnes, Ørsta og Ålesund
Dagleg leiing	Jan Kåre Aurdal
Styreleiar	Vebjørn Krogsæter
Selskapet si heimeside	Sunnmøre regionråd - Utvikling gjennom samarbeid (sunnmoreregionrad.no)
Vedtektsfesta føremål	Sunnmøre Regionråd er eit felles organ for deltakarkommunane. Selskapet har som målsetting å bidra til ei positiv utvikling i regionene samla og i deltakarkommunane. Selskapet skal vere ein aktiv regional pådrivar med vekt på regional samfunnsutvikling og næringsutvikling og interkommunalt samarbeid. Selskapet skal drive med regional strategiutvikling, vere ein regional utviklingsaktør og fremje saker som utviklar regionen. Sunnmøre Regionråd skal vektlegge offentleg partnerskap og partnerskap mellom kommunar og næringslivet, vere ein arena for samhandling på Sunnmøre med vekt på regional utvikling, nærings- og kompetanseutvikling, regionale rammevilkår og samferdsel og vere eit bindeledd mellom politikk, næringsliv, utdanning, helse og andre regionale og statlege styringsorgan.

Namn	Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
Organisasjonsnummer	982 330 459
Stifta	17.7.2000
Eigardel /økonomisk ansvar	Eigardel er berekna ut frå folketal pr 1.1. føregåande år
Medlemmer i representantskap	Kvar deltakar har 1 representant, men kvar stemme tel ulikt og i høve eigarandel/folketal
Andre deltakarar	Møre og Romsdal fylkeskommune samt alle kommunane i Møre og Romsdal
Dagleg leiing	Jesper Sode Hansen
Styreleiar	Ottar Brage Guttelvik
Selskapet si heimeside	Framsida IKA Møre og Romsdal (ikamr.no)
Vedtektsfesta føremål	Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå eigarane eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova. Selskapet skal i samråd med eigarane arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtenester hos eigarane, m.a. ved å bistå i utarbeiding av arkivplan og oppbygging av eigaranes arkiv, stå for opplæring og rettleiing i arkivsystem og arkivrutinar, gje råd og ha tilsyn med arkivlokale, og bistå med anna arkivarbeid for eigarar. Selskapet utfører arbeid for den einskilde eigar som står i høve til eigarens del av driftstilskotet. Selskapet kan etter nærare vedtak av styret prise visse tenester og slik h egne inntekter. Dei tenestene som

	<p>kan prisast skal i hovudsak vere slike som ikkje vil bli gjevne til alle eigarar, eller eigarar vil ha ulik etterspurnad etter, eller tenester som ligg utanfor arkivets hovudføre mål. Selskapet skal vere ein bidragsytar i problemstillingar knytt til private arkiv. Til gjennomføring av spesielle prosjekt utanom arkivets ordinære arbeidsoppgåver, blir det søkt finansiering mellom eigarar eller andre som spesielt ønskjer prosjektet gjennomført. Selskapet har høve til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgjevar betaler for tenestene og det ikkje går ut over arkivets hovudoppgåver. Definisjonen av føremål og ansvarsområde er uttømmende. Styret og representantskapet har ikkje mynde til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.</p>
--	---

Del 3 – Roller og ansvar

Kommunestyret:

Kommunestyret er ansvarleg for all kommunal verksemd. For å kunne ivareta dette mandatet må kommunestyret ha eit samla grep om heile den kommunale verksemda, her under det som skjer i selskap.

- Utøver eigarstyring gjennom å vedta overordna mål og prinsipp i eigarskapsmelding
- Vedtek å opprette selskap, reorganisering, avvikling og oppløysing av selskap
- Vedtek føremål, stiftingsgrunnlag og leiande organ
- Fastset individuelle/selskapsvise eigarstrategiar knytt til einskildselskap der ein ser dette som hensiktsmessig, t.d. der kommunen er eineigar.
- Vel styrerepresentantar til aksjeselskap (AS) og interkommunale selskap (IKS)
- Vedtek selskapsavtale for interkommunale selskap
- Vel medlemmer til representantskapet i interkommunale selskap

Styret:

Det er ikkje eigar, men styret, som har ansvaret for selskapsstyringa. Styret er selskapet si leiing, og styrer på vegne av eigarane. Styret har ansvar for at selskapet blir forvalta i samsvar med eigar sine interesser, og skal ivareta den strategiske leiinga av selskapet innanfor dei rammene som er gitt av eigar. Dette inneber mellom anna at:

- Styret skal føre kontroll og formulere selskapstrategiar, fatte vedtak og legitimere verksemda
- Styret har ansvar for økonomien til selskapet og vurdering av om det er grunnlag for vidare drift
- Styret skal kvart år legge fram årsmelding for generalforsamlinga som gir eit komplett bilete av selskapet

Styret skal som kollegium ha erfaring og kompetanse innanfor definerte behov for kvart selskap og omfattar områda:

- Kunnskap om selskapet si verksemd
- Spesialkompetanse og erfaring innanfor område som er relevant for selskapet

- Erfaring frå leiing og kompetanse knytt til organisasjonsmessige endringsprosessar
- Kompetanse og erfaring knytt til offentleg forvaltning
- Kompetanse og erfaring knytt til styrearbeid

Styreverv i selskap er personleg, dvs. at dei enkelte styremedlemmane ikkje representerer parti, kommunen eller andre interesser, men skal ivareta selskapet sine interesser innanfor dei rammene som er gitt av eigar(ane) gjennom vedtekter og eigarstrategi. Det fordrar høg integritet og evne til å vere konfidensiell om forretningsmessige transaksjonar og strategiske avgjerder.

Ordførar:

Ordførar møter som kommunen sin representant i selskapa sine eigarorgan, med dei føringane formannskapet gjev. For interkommunale selskap skal kommunen sine eventuelle andre representantar oppnemnst blant kommunestyret sine faste formannskapsmedlemar. Ordførar kan delegerere representasjonsretten til varaordførar eller anna representant for kommunen.

Kommunedirektøren:

Kommunedirektøren har ansvar for kommunen sin eigen organisasjon. Verksemd i selskap utanfor kommunen er ikkje underlagd kommunedirektøren sin kontroll og styring. Kommunedirektøren har berre ei rådgivande rolle ovanfor kommunestyret, selskapa sine eigarorgan samt ordførar og andre folkevalde.

Kommunedirektøren kan stille med ressursar til eit eventuelt sekretariat. Sekretariatet har ein støttefunksjon for dei folkevalde, og skal saksførebu eigarsaker som skal handsamast i folkevalde organ; eigarstrategi, selskapsetablering/avvikling og eventuelle aktive grep ovanfor det einskilde selskap. For å sikre kommunedirektøren nødvendig informasjon, kan kommunedirektøren bli gitt observasjonsstatus i styremøte for kommunale selskap og selskap etter kommunelova.

Kommunedirektøren skal elles:

- Administrativt følgje opp kommunen si vedtekne eigarskapsmelding, og ivareta kommunens direkte tenestediaglog med selskapa.
- Førebu saker til politisk nivå om utforming av eigarskapsmelding, eigarstrategiar og selskapsvedtekter, eller andre saker som krev særskilt fokus frå selskapet sin eigar.
- Sikre at styrebehandla (vedtekne) budsjettforslag blir fremma som ein del av kommunedirektørens budsjett- og økonomiplan, samt at selskapa si rapportering følg kommunens økonomirapportering og årsmelding.

Kontrollutvalet:

Selskapskontroll er ein av kontrollutvalets lovpålagte oppgåver, og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa underleggast folkevald styring og kontroll, jf. kommunelova § 23-2 c). Selskapskontrollen er todelt. Den eine delen er obligatorisk og dreier seg om eigarskapskontroll; kontroll med kommunens oppfølging av ansvaret sitt som eigar. Den andre delen er frivillig og omfattar forvaltningsrevisjon av selskap. Selskapskontroll kan i prinsippet gjennomførast i alle typar selskap, men omfanget av selskapskontrollen påverkast av eigarforholda i selskapa. Innsyns- og undersøkingsretten til kontrollutvalet, og/eller revisor, er øyremerkt følgande selskap, jf. kommunelova § 23-6:

- interkommunale selskap (IKS)
- interkommunale politiske råd
- kommunale oppgåvefellesskap

- aksjeselskap der kommunen aleine eller saman med andre kommunar direkte eller indirekte eig alle aksjar i desse selskapa, har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til å innhente dei opplysningar dei finn påkravd, og kan gjennomføre nødvendige undersøkingar.

Utvalet skal varslast om, og har rett til å vere til stades, i eigarorgan etablert med heimel i kommunelova.